

Skal løyse gåta om laksen i havet



FORBODE: Drivgarnfisket etter laks vart forbode i 1989, men laksebestanden heldt fram med å minke. No skal forskarar kartleggje om årsaka til nedgangen er å finne i tilhøve laksen lever imedan den er i sjøen for å feite seg opp. Frå drivgarnfisk i 1969.

ARKIVFOTO

Laurdag stikk havforskar Marianne Holm til sjøs for å avsløre kva laksen driv på med til havs.

OGNE ØYEHaug
ogne.oyehaug@bt.no

Ligg årsaka til den kraftige nedgangen (sjå grafikk) i den atlantiske laksebestanden i havet?

Det skal ei stor gruppe forskarar frå 15 land finne ut av gjennom eit forskingsarbeid som først blir avslutta om tre år.

Seniorforskare Marianne Holm ved Havforskningsinstituttet samordnar forskingsarbeidet til havs. I 14 dagar skal Holm kryssje havet frå Longyearbyen til Tromsø for å

leite etter laks og kartleggje førtilgang og leveforhold for laksen. Dette området er lite kartlagt med omsyn til laks frå før.

Sterk tilbakegang

Medan livet til laksen i elvane er grundig kartlagt veit forskarane framleis lite om kva som skjer med laksen til havs, frå småfisen vandrar ut frå elvane om våren til den vender attende som gyteklar fisk eitt eller fleire år seinare.

– Fram til midt på 90-talet, då det blei utvikla gode fangstmетодar for smålaks til havs hadde ein liten peiling på kva laksen har gjort i den åra den er ute i havet for å beite og ete seg feit, seier Holm.

Den samla fangst av atlantisk

fakta

Laks

- Lakseyngelen veks opp i elva den er fødd og vandrar ut i havet for å vekse seg vaksen. Etter eitt eller fleire år vender den attende for å gyte.
- Den atlantiske laksen er i tilbakegang. Gjennom eit treårig internasjonalt forskningsprosjekt skal levevilkåra for laksen i havet kartleggjast.

villaks er no ein sjettepart av kva den var i 1975. I Noreg, der tilbakegangen er minst, var fangsten i fjor meir halvert i høve til toppen i 1980.

Stoppa fiske

Tilbakeslaget i laksefisket har skjedd trass i store innstramminga i det kommersielle fisket etter laks til sjøs:

- I 1989 vart det forbode å drive drivgarnfiske etter laks i sjøen.
- I 1997 vart fisketida for kilenot avgrensa langs store deler av kysten.
- I år er retten til å fiske laks i sjøen stramma inn nok ein gong.


Jens Christian Holst ved Havforskningsinstituttet er vitskapleg koordinator for heile det treårige

Knekke for laksefiske

Fangst av vill atlantisk laks i elvar og til sjøs, medrekna anslag for urrapporterte fangstar (frå og med 1990).

=Atlanterhavsområdet
=Noreg

*Tal i tonn



Kjelde: ICES (Det internasjonale havforskningsrådet)
nyhetsgrafikk.no

forskningsprosjektet. I følgje instituttet skulle innstrammingane i det kommersielle fisket, saman med betring av tilhøva i elvane, gjort at laksebestand vaks.

– Når vi i dag ser ei dramatisk lågare overleving for den unge laksen som vandrar ut i havet, er det på høg tid at også denne fasen av laksens liv får merksemeld frå forskar- og forvaltingshald, seier Holst til Havforskningsinstituttet sine heimesider.

45 millionar

EU betalar over halvparten av dei 45 millionar kronene forskningsprosjektet vil koste.

Om lag halvparten av pengane er avsett til å utvikle metodar for genetisk analyse av laksen som blir fanga. Poenget med det er å kunne spore opphavsområdet til laksen.

Norske, færøyske og irsk forskingsfarty skal gjennomføre tokt både i år og neste år. Irland og Færøyane har alt gjennomført sine tokt i år.

Tokta vil gi forskarane svar på kva laksen lever av og korleis laksebestanden variere i høve til andre fiskebestandar.

Kan lette presset mot oppdrettsnæringa

Kartlegging av laksen liv i havet er ikkje berre vitskapleg, men også politisk interessant.

bak nyhenda
ogne.oyehaug@bt.no

Ogne Øyehaug er journalist i BT

Etter at sjøfiske etter laks gradvis er forbode eller avgrensast av omsyn til villaksen – har oppdrettsnæringa fått skulda for at dei ville laksebe-

standane framleis er på vikande front.

Ei veksande oppdrettsnæring har gitt vekstvilkår for lakselusa, ein krepseart som snyltar på fisken. Når laksesmolten vandra ut av elvane for å veks seg stor i havet, er lakselusen eit hinder den helst ikkje bør støtte på i store mengder.

Rømt oppdrettsfisk som konkurrerer med villfisken om gyteplass i elvane er heller ikkje bra. Begge problema har gjort at styresmaktene skjerpa krava til oppdrettsnæringa og vil i det minste

avgrense kor stor vekst næringa får langs norskekysten.

Mattilsynet samordnar og styrer frå og med i år avlusingstiltaka i oppdrettsanlegga. Og ein offentleg rømmingskommisjon granskar alle rømmingar i jaka på framlegg til nye tiltak for å hindre rømming.

Både tiltaka mot lakselusen og rømming er eit resultat av kunnskap frå forsking og kartlegging av verknaden oppdrettsnæringa har for villaksen i elvane og på vegn gjennom fjordane og ut i havet. Mellom anna var Jens Christian

Holst, som no er vitskapleg koordinator for forskingsprosjektet på laks i havet, drivkraft for å kartlegge lusetilstanden i Sognefjorden. Funna Holst gjorde der på slutten av 90-talet skapte politisk rabalder i oppdrettsnæringa, men vart etter kvart akseptert som eit faktum næringa og styresmaktene måtte ta omsyn til.

Når forskarane no skal avdekke kvar laksen er når den er til havs, kva den ét, kven som ét den og korleis miljø og andre miljøtilhøve verkar inn, kan det opne for ny politisk strid.

Må kommersielt fisk etter andre artar avgrensast for å sikre villaksen nok næring, til dømes? Er tilhøva for villaksen til havs blitt så forringa at det eksisterande sjø- og elvefisket etter laks må avgrensast endå meir?

Finn forskarane ut at hovudårsaka til tilbakegangen i laksefisket ligg i havet? Kva følgjer får det i så fall for utviklinga av oppdrettsnæringa?

Å sleppe å bere heile ansvaret for at det villaksen er i tilbakegang vil truleg unsett kjennest som ei lette for oppdrettarane.